

Møteinnkalling

Utval:	Hordaland fagskulestyre
Møtestad:	Fylkesutvalsalen 3. etg., Fylkeshuset
Dato:	07.05.2015
Tid:	10:00

Program

Kl. 10.00 Handsaming styresaker

Kl. 11.00: Lunsj

Til dette møte har Signe Olga Gangsøy meldt forfall. Gustav Bahus er kalla inn som vara, då Marianne Moberg ikkje kunne stille som vara.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Hordaland fagskulestyre, samt ein representant frå kvart fagskuleråd. Kopi vert sendt varamedlemene og rektorane ved fagskulane til orientering. Ved eventuelle forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Rektorane ved fagskulane kan møta på møta i Hordaland fagskulestyre. Rektorane må også melde forfall dersom dei ikkje møter.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Roald Stenseide
styreleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 18/15	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 19/15	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 20/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 3/15	Orientering - Oppsummering av NOKUT sitt høyringsfråsegn til NOU 2014:14	2014/2	
RS 4/15	Rådet for offentlige fagskoler (RFF) sitt høyringsfråsegn til NOU 2014:14	2014/2	
PS 21/15	Tilbudsstruktur for Hordaland helsefagskole skuleåret 2015/16	2014/2	
PS 22/15	Tilbudsstruktur for tekniske og maritime fag ved Fagskolane i Hordaland 2015/16	2014/2	
PS 23/15	Ymse		

PS 18/15 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

PS 19/15 Godkjenning møtebok forrige møte

PS 20/15 Referatsaker (Meldingar)



Notat

Dato: 20.04.2015
Arkivsak: 2014/2-80
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Orientering - Oppsummering av NOKUT si høyringsfråsegn til NOU 2014:14

NOKUT har levert høyringsfråsegn til «NOU 2014:14 Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg», og ei oppsummering av uttalen er å finne på NOKUT sine heimesider.

NOKUT omtalar mellom anna i si høyringsfråsegn overgangar mellom fagskule og høgare utdanning, storleik på fagskulane og krav til kvalitet, overordna styring og forholdet til arbeidslivet.

Oppsummeringa finn ein her: <http://www.nokut.no/no/Blogg/NOKUT-bloggen/Dates/2015/4/Nodvendig-og-utfordrende-loft-for-fagskolene/#.VTU54dLtmko>



Notat

Dato: 20.04.2015
Arkivsak: 2014/2-81
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Rådet for offentlige fagskoler (RFF) si høyringsfråsegn til NOU 2014:14

RFF er eit koordinerande organ for fagskulane som i første rekkje skal bidra til kvalitetsutvikling av fagskulane, samordne etterutdanningstiltak og informasjonstiltak. RFF skal vidare vere til hjelp for Forum for fylkesutdanningssjefar (FFU) i å utarbeide uttalar til departementet og andre som ønskjer synspunkt på eller informasjon om fagskulane.

RFF skal delta i ulike fora og møte for å fremje dei offentlege fagskulane sine saker. RFF skal også ivareta dei offentlege fagskulane sine felles interesser knytt til eit nært og forpliktande samarbeid med alle aktuelle bransjar/næringar og andre samarbeidspartar.

RFF skal vere representert i Nasjonalt utvalg for tekniske fagskoleutdanning (NUTF), og Nasjonalt utvalg for fagskoleutdanning i helse- og oppvekstfag (NUFHO) og Nasjonalt fagskoleråd (ref.: <http://fagskolen.info/index.php?pageID=123&page=RFF> , punkt 4).

RFF har fått sitt mandat frå FFU, og som nemnt over skal rådet vere eit rådgjevande organ for FFU i å utarbeide uttalar til mellom anna departementet. I samband med høyringa for «NOU 2014:14 Fagskolen - et attraktivt utdanningsvalg» har derimot RFF gjeve sjølvstendig høyringsfråsegn sjølv om FFU har bede om å få denne til avstemming før innsending. RFF sin uttale finn ein her: https://www.regjeringen.no/contentassets/a634b63963ff4641ae6c9c13928599a2/raadet_for_offentlige_fagskoler.pdf

Forslaget i NOU 2014:14 om at staten skal vere eigar for fagskulane er eit omdiskutert forslag, og 15 av 19 fylkeskommunar støttar klart ikkje dette forslaget. I RFF si høyringsfråsegn er det skrive som følgjer i høve til statleg eigarskap:

Dersom eierskapet skal overføres til staten må det også sørges for tilstrekkelig med ressurser til at det blir gjennomførbart. I dag subsidieres mange av de offentlige tilbyderne med midler fra fylkeskommunene ut over rammeoverføringene. En slik endring i eierskap må ikke innebære at muligheten til å oppfylle Fagskolelovens intensjoner om tilknytning til lokalt og regionalt arbeidsliv blir vanskeliggjort. Det kan være en fordel om all tertiærutdanning hører til hos samme eier, dersom forutsetningene over er ivarettatt.

Uttalen frå RFF i høve til eigarskap står såleis i kontrast til det majoriteten av medlemmene i FFU meiner.



Arkivnr: 2014/2-79
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	21/15	07.05.2015

Oppretting av nye klassar hausten 2015 ved Hordaland helsefagskole

Samandrag

Opplærings- og helseutvalet (OPHE) har 14.04.2015 handsama fordeling av tilskot til fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag. Tilskotsordninga som er øyremerka fagskuletilbod innan helse- og sosialfag, skal dekke driftsutgifter for utdanningane og vart innført 01.07.2009. I samband med sakshandsaminga i OPHE vart det vedteke at Hordaland helsefagskole får tilskot til inntil 70 studentar frå Hordaland.

Forslag til vedtak

1. Hordaland fagskulestyre vedtek at det vert arbeid vidare med følgjande tilbod ved Hordaland helsefagskole for mogleg oppstart hausten 2015:

Fagskuletilbod	Tal på studentar
Helse, aldring og aktiv omsorg (D)	15
Psykisk helsearbeid/Rus (D)	20
Spesialreinhald og sterilforsyning i helsetenesta (N)	10
Spesialreinhald og sterilforsyning i helsetenesta (D)	25
Sum	70

2. Hordaland fagskulestyre får ei ny sak til styremøtet 10.09.2015 for endeleg handsaming av kva tilbod som vert starta opp.

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Protokoll - OPHE 140415 - Helsetilskot

Fylkesrådmannen, 20.04.2015

Opplærings- og helseutvalet (OPHE) har 14.04.2015 handsama fordeling av tilskot til fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag (sjå vedlegg for protokoll). Tilskotsordninga som er øyremerka fagskuletilbod innan helse- og sosialfag skal dekke driftsutgifter for utdanningane og vart innført 01.07.2009. I samband med sakshandsaminga i OPHE vart det vedteke at Hordaland helsefagskole får tilskot til inntil 70 studentar frå Hordaland ved følgjande tilbod:

Tilbod	Tal
Psykisk helsearbeid	15
Rehabilitering	15
Helse, aldring og aktiv omsorg/Eldreomsorg	15
Spesialreinhald og sterilforsyning stadbasert	15
Spesialreinhald og sterilforsyning nettbasert	10
Totalt	70

Tabell 1. Fordeling av tilskot til fagskuleutdanning innan helse- og sosialfag ved Hordaland helsefagskole.

I vedtaket til OPHE er det også bestemt at ein tilbydar kan omprioritera fordelinga av talet på studentar mellom sine NOKUT-godkjende fagskuletilbod innan helse- og sosialfag fram til teljetidspunktet 1. oktober. Med bakgrunn i dette er det mogleg å starta opp andre tilbod innan helse- og sosialfag enn dei som er lista opp i tabellen over, dersom søkjartala tilseier det.

Hordaland helsefagskole har også søkt andre fylke om tilskot til tilbodet Spesialreinhald og sterilforsyning nettbasert. Dette er eit tilbod som kan gå parallelt med det stadbaserte tilbodet, og skulen kan rekruttera studentar frå heile landet.

Studenttal hausten 2014 og våren 2015

Alle studiestad Fagskuleutdanning	2014	2015
	Haust	Vår
	Tal studentar	Tal studentar
Helse, aldring og aktiv omsorg (D)	7	6
Kreftomsorg/lindr.pleie (D)	8	7
Psykisk helsearbeid (D)	29	19
Rus- og avhengigheitsproblematikk	6	6
Rehabilitering (D)	11	6
Spesialreinhald og sterilforsyning i helsetenesta (D)	15	14
Sum	76	58

Figur 1

Tabell 2. Studenttal ved Hordaland helsefagskole pr. 01.10.2014 (haust), og 01.03.2105 (vår).

Tabell 2 over syner at hausten 2014 var det 76 studentar ved Hordaland helsefagskole fordelt på 6 tilbod, og fordelt på fyrste og andre studieår. Tabellen syner vidare at det totale studenttalet gjekk ned til 58 våren 2015. Dette er eit fråfall på nesten 24 %. Dei neste tabellane (tabell 3 - 6) syner studenttalet fordelt på studiestad og tilbod.

Stu­di­es­ta­d Ber­gen Fag­skule­ut­dan­ning	2014	2015
	Haust	Vår
	Tal stu­den­tar	Tal stu­den­tar
Helse, aldring og aktiv omsorg (D)	7	6
Spe­si­al­re­in­hald og ster­il­for­sy­ning (D)	15	14
Sum	22	20

Tabell 3. Studenttal ved Hordaland helsefagskole, studiestad Bergen pr. 01.10.2014 (haust), og 01.03.2105 (vår).

Stu­di­es­ta­d Fit­jar Fag­skule­ut­dan­ning		2015
	Haust	Vår
	Tal stu­den­tar	Tal stu­den­tar
Rehabilitering (D)	11	6
Sum	11	6

Tabell 4. Studenttal ved Hordaland helsefagskole, studiestad Fitjar pr. 01.10.2014 (haust), og 01.03.2105 (vår).

Stu­di­es­ta­d Odda Fag­skule­ut­dan­ning		2015
	Haust	Vår
	Tal stu­den­tar	Tal stu­den­tar
Psy­kisk helse­ar­beid (D)	9	8
Sum	9	8

Tabell 5. Studenttal ved Hordaland helsefagskole, studiestad Odda pr. 01.10.2014 (haust), og 01.03.2105 (vår).

Stu­di­es­ta­d Stend Fag­skule­ut­dan­ning		2015
	Haust	Vår
	Tal stu­den­tar	Tal stu­den­tar
Kreftomsorg og lindrande pleie (D)	8	7
Psy­kisk helse­ar­beid (D)	20	11
Rus og avhengighetsproblematikk (D)	6	6
Sum	34	24

Tabell 6. Studenttal ved Hordaland helsefagskole, studiestad Stend pr. 01.10.2014 (haust), og 01.03.2105 (vår).

Som ein ser av tabellane over, er det tilbodet Rehabilitering ved studiestaden Fitjar (tabell 4), og tilbodet Psykisk helsearbeid ved studiestaden Stend (tabell 6) som har hatt størst fråfall. Sluttårsak som studentane gjev er ulik, men hovudsakleg er det på grunn av manglande støtte frå arbeidsgjevar i høve til å delta på undervisning/praksis, eller fordi studentane opplever at studiet er meir arbeidskrevjande enn dei først forventa. Fagskulen prøver å realitetsorientera studentane i høve til å få støtte frå arbeidsgjevar og kva arbeidskrav som ligg til utdanningane. Likevel er det mange studentar som startar opp og gir seg raskt. Av dei studentane som fullfører fyrste året, er det lite fråfall.

Det er som kjent starta opp ein rekrutteringskampanje der Hordaland helsefagskole arbeider målretta mot kommunar for å få studentar som har god støtte frå arbeidsgjevar, og ein håpar å sjå gode resultat av dette

hausten 2015. Det ser ut til at tilbod som er meir eller mindre bestilt av arbeidsgjevar, har mindre fråfall enn mange andre tilbod.

Søklarar per 15. april 2015

Som nemnt er det i OPHE vedtatt at Hordaland helsefagskole kan få støtte til inntil 70 nye studentar hausten 2015. Tabell 7 under syner at det til saman er 70 søklarar som har søkt gjennom Vigo innan søknadsfristen 15. april, og desse fordeler seg over 8 tilbod. Innan helsefaga ved Fagskolane i Hordaland er det vanleg at det kjem fleire søklarar etter søknadsfrist, og søkjartala er derfor ikkje endelege. I tillegg er det på dette tidspunkt kort tid sidan søknadsfrist, og oversikta over kor mange søklarar som er kvalifisert er ikkje klar. Hordaland helsefagskole vil gje meir oppdaterte søkjartal til styremøtet 7. mai 2015.

Søklarar pr. 15.april 2015 Fagskuleutdanning	2015	Kommentar
	Vår	
	Tal søklarar	
Helse, aldring og aktiv omsorg (D)	11	
Kreftomsorg/lindr.pleie (D)	2	
Psykisk helsearbeid/Rus (D)	16	Venter NOKUT-godkjenning, alternativ Psykisk helsearbeid
Rus- og avhengigheitsproblematikk	5	
Rehabilitering (D)	4	Arbeider med avtalar
Livsstil og kroniske sjukdommar	3	
Spesialreinhald og sterilforsyning i helsetenesta (N)	5	Hovudsakleg ikkje søklarar frå Hordaland
Spesialreinhald og sterilforsyning i helsetenesta (D)	24	
Sum	70	

Tabell 7. Søklarar til Hordaland helsefagskule pr. 15.04.2015.

Av tabell 7 over ser ein at tilboda Helse, aldring og aktiv omsorg, Psykisk helsearbeid og rusarbeid og Spesialreinhald og sterilforsyning i helsetenesta har flest søklarar. Desse er det såleis ønskjeleg å arbeide vidare med i høve til å rekruttera nok kvalifiserte studentar til fulle klassar.

Til tilbodet Rehabilitering er det berre 4 søklarar, men det vert arbeidd med ein avtale med Bergen kommune om å starta ein klasse på 25 studentar hausten 2015 som ikkje er registrert i søkjarsystemet. I tillegg har fleire kommunar signalisert si interesse for dette tilbodet, og det er derfor ønskjeleg å arbeida vidare med rekruttering til dette tilbodet.

Tilbodet Psykisk helsearbeid og rusarbeid er ikkje godkjent av NOKUT enno, men det er venta at dette kan verte godkjent innan studiestart til hausten/vinteren 2015. Dersom tilbodet ikkje vert godkjent i løpet av sumaren/hausten i år, er det mogleg å starta opp tilbod innan Psykisk helsearbeid i staden. Psykisk helsearbeid er eit tilbod som fagskulen allereie har godkjenning for. Dette er sjølvstøtt avhengig av at søklarane ønskjer å bytte til dette tilbodet.

Tilbodet Spesialreinhald og sterilforsyning på nett har 4 søklarar som hovudsakleg er frå andre fylke enn Hordaland. Hordaland fylkeskommune gjev ikkje støtte til desse søklarane, men det er søkt om støtte frå andre fylke. Dette er som nemnt tidlegare eit tilbod som kan gå parallelt med det stadbaserte tilbodet til fagskulen. Såleis vert nettilbodet mindre ressurskrevjande, og det er mogleg å starta både små og store klassar avhengig av kapasiteten hjå fagskulen. På bakgrunn av dette er det også ønskjeleg å arbeida vidare med dette tilbodet.

Basert på utgreiinga over vert det tilrådd at følgjande tilbod vert starta opp hausten 2015 dersom det er nok kvalifiserte søklarar:

Fagskuletilbod	Tal på studentar
Helse, aldring og aktiv omsorg (D)	15
Psykisk helsearbeid/Rus (D)	20
Spesialreinhald og steriltforsyning i helsetenesta (N)	10
Spesialreinhald og steriltforsyning i helsetenesta (D)	25
Sum	70

Tabell 8. syner forslag til kva tilbod som kan starte opp hausten 2015.

Vidare vert det tilrådd at fagskulestyret handsamar ny sak i styremøte 10.09.2015 for endeleg vedtak om kva tilbod som vert oppretta.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 14.04.2015

Representanten **Bjørnar Hamre** sette fram følgjande forslag:

«Tilleggsforslag, første setning, pkt. 1: «Fordeling av tilskot til nye studentar hausten 2015»».

Representanten **Rasmus L. Rasmussen** sette fram følgjande forslag på vegner av AP/SP:

«AOF får tilskudd til 25 plasser på psykisk helsearbeid.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 1 vart vedteke saman med Hamre sitt forslag.

Rasmussen sitt forslag fekk 5 røyster (AP + SP) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 2 og 3 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1.Fordeling av tilskot til nye studentar hausten 2015.

	Stadbasert sats			Nettbasert sats				
	Tal på studentar det kan verte gjeve tilskot til ved den einkilde tilbydar							
Utdanning	Hordaland helsefagskole	AOF H/SF	Aldring/helse	NKS	NKI	RKK	eCademy	Folkeuniversitetet
Psykisk helsearbeid	15	20			4			
Rehabilitering	15					2		
Helse, aldring og aktiv omsorg/Eldreomsorg	15			5	2			
Rus og avhengighetsproblematikk								
Spesialreinhald og sterilfosyning	25							
Kreftomsorg og lindrande pleie					5			
Livsstils- og kroniske sjukdommar								
Barsel- og barnepleie						2		3
Demensomsorg og alderspsykiatri			3		5			
Utviklingshemming og aldring			3					
Migrasjonshelse					2			
Velferdsteknologi					2			
Helsekoordinator							8	
Helseadministrasjon sekretær							8	
Miljøarbeid/utviklingshemming		25						
Tverrfaglig miljøarbeid						2		
Psykisk helsearbeid og rusarbeid				6				
Veiledning						2		
Sum studenter det vert gjeve støtte til	70	45	6	11	20	8	16	3

- Den einkilde tilbydar har høve til å omprioritere tilskotet mellom dei NOKUT-godkjente utdanningane dei har søkt på, fram til 1. oktober, som er offisiell teljedato for utbetaling av tilskot innanfor den einkilde tilbydar si tildelte ramme.
- Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vert gjeve mynde til å fordela unytta midlar mellom tilbydarane og eventuelt nye tilbydarar innanfor ramma etter 1. oktober utan at det vert lagt fram ny sak for Opplærings- og helseutvalet.



Arkivnr: 2014/2-78
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	22/15	07.05.2015

Tilbudsstruktur for tekniske og maritime fag ved Fagskolane i Hordaland 2015/16

Samandrag

Det er omlag 81 millionar kr til dimensjonering av tilbudsstrukturen for Fagskolane i Hordaland for skuleåret 2015-16. Dette er ei romslegare ramme enn tidlegare og gjer at det er mogleg å få dekning for fulle klassar på 30 og 35 studentar. I tillegg vert studentsatsen auka frå 80 000 kr til 86 500 kr. Det er foreslått å ta opp totalt 525 nye studentar ved Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole hausten 2015. Dette utgjer om lag 450 heiltids-ekvivalentar. Til saman vil det vere om lag 933 studentar rekna som heiltidsekvivalentar ved fagskulane skuleåret 2015-16. Det er foreslått nokre endringar i høve til vedtak av mellombels tilbudsstruktur som vart vedteke av fagskulestyret 30.10.2014.

Forslag til vedtak

Hordaland fagskulestyre vedtek tilbudsstrukturen for tekniske og maritime fag ved Fagskolane i Hordaland for skuleåret 2015/16 som det går fram av saka.

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 20.04.2015

Det er i statsbudsjettet for 2015 gjort framlegg om at tilskotet til offentlege fagskuleutdanningar i 2015 blir fordelt særskilt basert på rapporterte studenttal. Det er talet på registrerte fagskulestudentar hausten 2013 som blir lagt til grunn for fordelinga av midlar i 2015 til dei fylkeskommunalt finansierte fagskuleutdanningane. Rammetilskotet til Hordaland som er gjeve over statsbudsjettet for 2015, er på kroner 78,9 millionar. Hordaland fylkeskommune har prioritert og justert for løns- og prisvekst, og gjeve ei ramme på 84,7 millionar. Såleis har fylkeskommunen gjeve ein auke på 5,8 millionar ut over rammetilskotet frå staten. Etter at dei faste utgiftene til fagskuleområdet vert trekt frå, er det om lag 81 millionar kr til dimensjonering av tilbodsstrukturen. Dette er ei romslegare ramme enn tidlegare og gjer at det er mogleg å få dekning for fulle klassar på 30/35 studentar. I tillegg vert studentsatsen auka frå kroner 80 000,- til kroner 86 500,-.

Tilbodsstruktur for tekniske og maritime fag ved Fagskolane i Hordaland

OPPSUMMERT	vektning	forventa studenttal 1. år	omrekna til heilårsekvi valenter 1	2. år heiltid	Delkurs 2.år omrekna til	Delkurs 3.år omrekna	Sum Total	søkjarar 1. år	avslag (-) / restplassar (+)	Budsjett
BERGEN TEKNISKE FAGSKOLE		345,00	270,52	122,00	115,82	84,42	592,76	645,00	-300,00	53 273 451,67
BERGEN MARITIME FAGSKOLE		180,00	180,00	161,00	0,00	0,00	341,00	295,00	-106,00	29 496 500,00
Totalt Tekniske fag		525,00	450,52	283,00	115,82	84,42	933,76	993,00	-459,00	82 769 951,67

Tabellen over syner ei oppsummering av forslag til tilbodsstruktur for tekniske og maritime fag ved Fagskolane i Hordaland skuleåret 2015/16. Dette er forslag til endeleg tilbodsstruktur for 2015/16 og inneheld oppdaterte studenttal frå 1. mars 2015, og søkjartal per 15. april 2015. Av di dette er oppdaterte tal for våren 2015, er det ikkje lagt inn eit forventa fråfall på 5 % slik som det er gjort i mellombels tilbodsstruktur for 2015/16, som vart handsama av styret i oktober 2014.

Tabellen syner vidare at det er rom for å ta opp 525 (450,52 heiltidsekivalentar) nye studentar hausten 2015. Dette er ein auke frå skuleåret 2014/15, då fagskulane kunne få dekning for 431 (391,17 heiltidsekivalentar) nye studentar.

Den totale summen i budsjettet i tabellen over er høgare enn ramma etter fråtrekk av faste utgifter på 81 millionar, og dette er fordi tilboda på Stord er lagt inn med ein fast sum på 2 millionar. Dette er eksterne midlar som ikkje gjev utslag i sjølve ramma og dimensjoneringa av tilbodet totalt sett.

Bergen tekniske fagskole

BERGEN TEKNISKE FAGSKOLE	vektning	forslag studenttal 1. år	heilårsekvi valenter 1 år	2. år heiltid	2.år omrekna til heilkurs	3.år omrekna til heilkurs	Sum Total	søkjarar 1. år	avslag (-) / restplassar (+)	Merknad	Budsjett
Klima, energi og miljø i bygg FTB03N	0,67	35	23,33	0,00	21,33	16,08	60,74	55,00	-20		5 254 298,33
KEM /Tak og fasade N	0,67	0	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0	Ikke oppretta	-
Bygg FTB01H	1,00	30	30,00	30,00	0,00	0,00	60,00	60,00	-30		5 190 000,00
Bygg FTB01N	0,67	35	23,33	0,00	21,33	14,74	59,40	50,00	-15		5 138 388,33
Automatisering FTE01H	1,00	30	30,00	22,00	0,00	0,00	52,00	36,00	-6		4 498 000,00
Automatisering FTE01N	0,67	30	20,10	0,00	16,75	12,06	48,91	42,00	-12		4 230 715,00
Elkraft FTE03H	1,00	30	30,00	24,00	0,00	0,00	54,00	62,00	-32		4 671 000,00
Elkraft FTE03N	0,67	35	23,45	-	22,11	19,43	64,99	114,00	-79		5 621 635,00
Maskinteknikk FTT04H	1,00	30	30,00	25,00	0,00	0,00	55,00	94,00	-64		4 757 500,00
Maskinteknikk FTT04N	0,67	0	0,00	0,00	16,75	0,00	16,75	0,00	0	Ikke oppretta	1 448 875,00
Maskinteknikk med ISO FTT11N	0,67	30	20,10	0,00	0,00	6,70	26,80	36,00	-6		2 318 200,00
Prosessteknikk FTK01H	1,00	0	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0	Ikke oppretta	-
Prosessteknikk FTK01N	0,67	30	20,10	0,00	10,05	8,71	38,86	47,00	-17		3 361 390,00
Maskin/Elkraft på Stord	1,00	0	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0	"Konstant"	2 000 000,00
Drift og sikkerhet FTD02H	1,00	0	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0	Ikke oppretta	-
Arborist FPS01D	0,50	0	0,00	0,00	7,50	0,00	7,50	0,00	0	Ikke oppretta	648 750,00
Akvakultur FPH01H	0,67	0	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	19,00	-19		-
Anlegg FTB02H	1,00	0	0,00	21,00	0,00	0,00	21,00	0,00	0	Ikke oppretta	1 816 500,00
Anlegg FTB02N	0,67	30	20,10	0,00	0,00	6,70	26,80	30,00	0		2 318 200,00
Total Bergen tekniske fagskole		345,00	270,52	122,00	115,82	84,42	592,76	645,00	-300,00		53 273 451,67

Ved Bergen tekniske fagskole er det foreslått å ta opp 345 nye studentar hausten 2015 (270,52 heiltidsekvivalentar). Totalt vil det då vere om lag 592,75 studentar rekna som heiltidsekvivalentar ved Bergen tekniske fagskole hausten 2015. Kolonnen «søklarar 1. år» syner talet på søklarar per 15. april 2015. Det er totalt 645 primærsøklarar til fagskolen og liten forskjell frå året før. Primærsøklarar er dei søklarane som har eit tilbod ved Bergen tekniske fagskole som første val.

Tilboda som er markert med grønt i tabellen, er tilbod som vert foreslått *ikkje oppretta*. Dette er dei same tilboda som vart vedtekte *ikkje oppretta* ved handsaming av tilbodsstrukturen for 2015/16 i styremøtet 30.10.2014, og det er såleis inga endring. Felta som er markert med blått, er endringar som er foreslått på bakgrunn av oppdaterte student- og søkjartal, og vert forklart nærare nedanfor.

Bergen tekniske fagskole har hatt noko høgare fråfall mellom semestra i skuleåret 2014/15 enn kva som var lagt inn som forventa fråfall (5 %) i handsaminga av tilbodsstrukturen oktober 2014. Det ser ut til at det er nett-tilboda som har størst fråfall. Med bakgrunn i dette er det rom for å ta inn nokre fleire studentar hausten 2015, og det vert difor foreslått at nett-tilboda innan KEM, Bygg og Elkraft vert auka frå 30 til 35 studentar i høve til opphavleg forslag oktober 2014. Dette er tilbod som har svært høge søkjartal, og som fagskolen brukar å ta inn store klassar til. Desse tilboda er ikkje av dei nett-tilboda som har høgt fråfall. I tillegg er det foreslått å ta inn 30 studentar ved Anlegg nett i staden for 22 studentar som det var foreslått i tilbodsstrukturen i oktober 2014. Årsaka til dette er at det er høgare søkjartal enn forventa (30 søklarar) ved Anlegg nett, og fordi det er rom for auken innanfor ramma for 2015/16.

Tilbodet Akvakultur vart vedtekte oppretta hausten 2015 i tilbodsstrukturen i oktober 2014, men grunna låge søkjartal er dette tilbodet no foreslått *ikkje oppretta*. Av tabellen kan ein sjå at det er 19 søklarar til tilbodet Akvakultur, og ei rask evaluering av søklarane syner at 6 av dei ikkje har rette kvalifikasjonar for å bli tatt opp til studiet. På bakgrunn av dette kan det sjå ut til at det berre er 13 kvalifiserte søklarar. Til styremøtet 07.05.2015 vil Bergen tekniske fagskole leggje frem oppdaterte søkjartal for dette tilbodet. Det er då mogleg å gje ei grundigare vurdering i høve til kor mange kvalifiserte søklarar det er når handsaminga av opptaket nærmar seg slutten.

Bergen maritime fagskole

655	BERGEN MARITIME	veking	forslag studenttal 1. år	heilårsekvivalenter 1 år	2. År heiltid	Sum Total	søklarar 1. år	avslag (-) / restplassar (+)	Budsjett
	Maskinoffiser FTM02H	1	30	30,00	28,00	58,00	57,00	-27,00	5 017 000,00
	Dekksoffiser FTM01H	1	30	30,00	24,00	54,00	48,00	-18,00	4 671 000,00
	Boring FTP01H	1	60	60,00	55,00	115,00	108,00	-48,00	9 947 500,00
	Havbunnsinstallasjoner FTP04H	1	30	30,00	25,00	55,00	43,00	-13,00	4 757 500,00
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H	1	30	30,00	29,00	59,00	39,00	-9,00	5 103 500,00
	Total Bergen maritime vgs		180,00	180,00	161,00	341,00	295,00	-106,00	29 496 500,00

Ved Bergen maritime fagskole er det foreslått å ta opp totalt 180 nye studentar hausten 2015. Totalt vil det då vere 341 studentar ved Bergen maritime fagskole hausten 2015. Ved Bergen maritime fagskole er det også litt større fråfall enn forventa ved handsaminga av tilbodsstrukturen oktober 2014. Det er ikkje foreslått endringar ved Bergen maritime fagskole i høve til mellombels tilbodsstruktur som vart handsama i oktober 2014.

Kolonnen «søklarar 1. år» syner at det var totalt 295 primærsøklarar ved fagskolen. Til skuleåret 2014/15 var det 89 fleire primærsøklarar enn for skuleåret 2015/16. Dette er ein stor nedgang for fagskolen og kan gjerne sjåast i samanheng med konjunktursvingingane i oljemarknaden og vanskar med å få kadettplass for dekksoffiserane. Ein ser av tala at det er Dekksoffiser og petroleumsfaga ved studiestad Bergen som har størst nedgang. Dekksoffiser ved studiestad Austevoll har derimot ein auke i talet på søklarar, og det hadde dei også året før. Tabellen syner at Austevoll fekk 39 søklarar i år, og på same tidspunkt i fjor hadde dei 25 søklarar. Det kan sjå ut til at studiestaden Austevoll vert meir synleg for søklarane når den ligg under Bergen maritime fagskole. I tillegg kan ein tenkje seg at den nye bru-simulatoren har hatt ein positiv effekt på søkjartala.

PS 23/15 Ymse